



Pro Invenia AS  
Vestre Rosten 78  
7075 TILLER

Deres ref.:  
Anne Barth

Vår ref.:  
21/563 - 9 / LIKNBJ

Vedtaksdato:  
16.02.2021 218/21

## **Avslått søknad om fritak frå byggesaksgebyr - gbnr 149/2 Skaret**

**Administrativt vedtak.**      **Saknr:** 218/21  
**Tiltakshavar:**            Telia Towers Norway AS  
**Ansvarleg søkjar:**        Pro Invenia AS  
**Søknadstype:**            Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

### **VEDTAK:**

**Det ligg ikkje føre særlege grunnar for å redusere gebyret, jf. Alver kommune si gebyrforskrift punkt 4.10. Søknad om reduksjon av gebyret vert avslått.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

### **Saksutgreiing:**

#### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om fritak frå betaling av byggesaksgebyr, mottatt 15.02.2021:

«Viser til Løyve til forlenging av antennemast – gbnr 149/2 Skaret. Saksnr: 21/7880.

Denne saken er med en feil søkt om da Telia allerede har en godkjenning på forlenging og telemasten er forlenget, se vedlagt vedtak fra 06.09.2013. Det foreligger også ferdigattest på forlengingen.

Telia lurer derfor på om de kan unntas byggesaksgebyret i overnevnte sak?»

### **Tiltaket**

er forlenging av telemast med 5 meter. I denne saka vart det gitt løyve i eitt trinn utan dispensasjon i administrativt vedtak med saksnr. 170/21 den 04.02.2021. Gebyret er fastsett til kr. 18 000,- etter gebyrregulativet nr. 10.2.6 Basisgebyr konstruksjonar og anlegg.

I byggesaksarkivet for Lindås kommune kan vi sjå at det same tiltaket fekk rammeløyve med dispensasjon 06.09.2013, igangsettingsløyve 20.09.2013 og ferdigattest 06.05.2014.

### **VURDERING:**

Heimel for vurderinga er Alver kommune sitt gebyrregulativ for 2021 , sjå vedlagte gebyrregulativ. Gebyr som kan komme i saka er gitt med heimel i gebyr- og betalingssatsane som gjeld for Alver kommune i 2021. Gebyrforskrifta er vedtatt av kommunestyret for Alver kommune, jf. plan- og bygningslova (pbl.) §33-1. Gebyrforskrifta 2021 opnar opp for reduksjon av gebyr på nærare vilkår.

Vi forstår søknaden slik at det er søkt reduksjon av gebyr slik gebyrforskrifta opnar for. Det er ikkje mogleg å søkje om fritak for gebyr. I gebyrforskrifta punkt 4.10 står det:

*«Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg saksbehandlingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret. Fastsetting av redusert gebyret skal skje ved enkeltvedtak. Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr innan 3 veker etter at faktura er mottatt. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn.»*

Ordlyden særlege grunnar tilseier at det må liggja føre grunnar som gjer seg særskilt gjeldande i denne saka og at det ikkje er grunnar som normalt kan leggjast til grunn i tilsvarande saker.

Det har ikkje vore knytt rettsleg eller faktisk tvil til å fastslå kva gebyr som skal betalast i saka og det er ikkje utøvd skjønnsmessige vurderingar i gebyrfastsetjinga. Gebyrregulativet er vedtatt med bakgrunn i gjennomsnittlege kostnadar knytt til den enkelte sakstype. Kommunen kan ikkje sjå at grunngjevinga i søknaden gjev grunnlag for redusert gebyr. Det er ingen spesielle forhold i denne saka som skil den frå andre saker, bortsett frå at det aktuelle tiltaket har vore godkjent oppført og fått ferdigattest tidlegare.

### **Mynde**

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå

melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/563

Med helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
Ingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Kopi til**

Pro Invenia AS	Vestre Rosten 78	7075	TILLER
Telia Towers Norway AS	Postboks 4444 Nydalen	0403	OSLO

**Vedlegg**

Gebyrhefte-2020-del-1_vedteke-oppdaterert-07.01.2020	1512814	16.02.2021
--	---------	------------

**Mottakere:**

Pro Invenia AS	Vestre Rosten 78	7075	TILLER
Telia Towers Norway AS	Postboks 4444 Nydalen	0403	OSLO